

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 20.10.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Anne Hilde Bjøntegård

SAKA GJELD: **Pasientreiser utan rekvisisjon**

STYRESAK: **059/16**

STYREMØTE: **27.10.16**

Administrerende direktør si orientering pkt.8

BAKGRUNN

Helse- og omsorgsdepartementet ga i 2013 dei fire regionale helseføretaka i oppgåve å gjennomføre eit prosjekt for å forenkle ordninga med innsending av reiserekningar for pasientreiser utan rekvisisjon. Arbeidet er gjennomført i prosjektet *Mine pasientreiser*, kor hensikta er å gjere ordninga enklare for pasientane gjennom eit forenkla regelverk og moderne digitale løysingar. Dette skal òg bidra til større grad av likebehandling av pasientane og reduserte administrasjonskostnader. Det er no utarbeidd ei heilt ny ordning for administrering av pasientreiser utan rekvisisjon. Ordninga vart sett i verk frå 1. oktober 2016. Behov for personell til sakshandsaming av reiseoppgjer er betydelig redusert som følgje av dette.

I Helse Vest har representantar for føretaksleiingane, for tillitsvalde og for pasientreisekontora teke del i regionalt prosjekt der dei praktiske konsekvensane for vår region er greia ut. Prosjektet tilrådde at all manuell saksbehandling for regionen etter nytt regelverk skal skje i Helse Førde. Dette i ein overgangsperiode før det skal endrast til éin nasjonal eining for sakshandsaming. Dette vart vedteke av styret i Helse Vest i mai 2016.

På bakgrunn av dette vart det i mars 2016 starta ein endringsprosess for reduksjon av bemanning ved pasientreisekontoret i Haugesund. Reduksjonen vart berekna til 6,8 årsverk. Dei tilsette ved pasientreisekontoret vart informert og endringa drøfta med tillitsvalde og verneombod. Det vart forsikra om at alle som blei råka ville få tilbod om anna fast arbeid i føretaket. Endringsdokumentet vart følgd. Det vart gjort risikovurdering av prosessen og satt

inn risikoreduserande tiltak. Deretter vart det gjennomført individuelle samtaler med alle dei tilsette ved pasientreisekontoret, og utval vart drøfta med tillitsvalde og verneombod. Av dei 6,8 årsverka var eitt årsverk innleie frå pasientreiser ANS og eit årsverk held av ein medarbeidar som er fast tilsett ved ein annan seksjon men førebels utlånt til pasientreisekontoret. Fem medarbeidarar fekk i juni brev om at dei ville få tilbod om anna stilling i føretaket. Alle drøftingar vart gjennomført utan protokolltilførsel frå tillitsvalde.

Status per 1. oktober er at tre av dei fem har fått anna relevant arbeid i føretaket. Dei to siste vil ha fortrinn til ledige stillingar fram mot april 2017, då all sakshandsaming av reiseoppgjør etter gammalt regelverk skal vere slutført. Tillitsvalde og verneombod har i all hovudsak evaluert prosessen knytt til endringa som god.

Køyrekontoret, som driv planlegging og oppgjer for reiser med rekvisisjon, er framleis att i kvart helseføretak. Det er nasjonale prosjekt i gong knytt til forenkla løysingar også for denne delen av pasientreiser. Eit prosjekt gjeld elektronisk verktøy for oppgjerskontroll av transportørar. Eit anna prosjekt gjeld verktøy for samkøyring og alternativ bestillar løysing. Kva desse prosjekta vil ha for konsekvens for bemanninga ved køyrekontora er ikkje avklara enno.